

Referat frå møtet i rådmannsutval onsdag 2. februar 2022 kl. 09.00-14.00 på Straand Hotel

Desse møtte: Une Marit Tangen, Jan Myrekrok, Sverre Sæter, Finn-Arne Askje,
Rikke Raknes, Erling Laland og Anne Aasmundtveit

Presentasjon av 2 felles prosjekt i NAV ved navleiar Gerd Kari Skaalen og Knut Haugan

Prosjektsøknadar om tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i NAV.

Begge prosjekta gjeld den kommunale delen av NAV.

- Vidareføring av noverande prosjekt: «Sterk nok tilknyting til arbeidslivet»
Målgruppe: Flykninger
- Nytt prosjekt: Ungdom som har økonomiske problem.
Mål:
 - Forebygge økonomi- og gjeldsproblematikk.
 - Økonomiske sjølvstende

**Ny brann og redningsvesenforskrift ved brannsjef Ole-John Almenning i
Vest-Telemark Brannvesen IKS**

DBS har fastsett forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og Redningsvesen og nødmeldesentralene (brann- og redningsvesenforskrifta).

Forskrifta trer i kraft 1. mars 2022.

Det er ynskje frå Vest-Telemarkkommunane om at det vert søkt om dispensasjon frå den overordna vakta.

Brannsjef Ole-John Almenning møtte i RU for å svare ut spørsmål i vegen vidare for kommunane:

- Brannsjefen orienterte om at det har vore litt motstand, men og mange positive tilbakemeldingar på forskrifta.
- Kan ikkje drive som tidlegare. Vest-Telemark Brannvesen er kanskje ikkje løysinga inn i framtida. Må knytte seg til andre, t.d. Grenland.
- Det er tilrådd å sett ned ei arbeidsgruppe av 8-10 personar.
- Ein bør knyte til seg ekstern bistand. Dette vil koste nokre kroner. Mogleg sak til Vest-Telemarkrådet.

Konklusjon:

- *Det skal sendast ein felles søknad om 2 års dispensasjon for å utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag som ein kan basere avgjersler på.*
- *Finn Arne snakkar med Andreas i sin organisasjon for argument i søknaden om dispensasjon.*
- *Det vert nedsett ei arbeidsgruppe der m.a. representant(ar) frå RU (dei vel sin rep), tillitsvalde, VT brannvesen og ekstern bistand er med.*
- *Frist for arbeidsgruppas arbeid er sett til utgangen av august 2022.*
- *Brannsjef Ole-John Almenning oppgir namn på 3-4 aktuelle eksterne rådgjevarar og melder desse inn til Une Marit.*

PPT gjennomgang etter tilsyn

Sverre orienterte:

- Viste til rapporten frå statsforvaltaren
- Resultata i rapporten førte til eit ekstraordinært representantskapsmøte
- I PPT skil ein mellom:

- Systemretta arbeid
- Individretta arbeid
- Det bør bli arrangert eit fagmøte. Ein kan utfordre fung. Leiar i PPT Gøril Kanstad og FFU til å lage eit program for ein fagdag.
 - Målgruppe: Ordførarar, rådmenn, og kommunalsjefar
- Det er store avvik på sakshandsamingstid. Spørsmålet er kva blir gjort for å lukke saker?
 - Særskilt lang sakshandsamingstid.
 - Gøril Kanstad har utarbeidd eit system som legg press på sakshandsamingstid med det det resultat at PPT vil kunne vera i mål ved årets slutt.
 - Dei tilsette i PT får tildelt 8 og 8 saker av gongen. På den måte kan dei og prioritere hastesaker.
 - Det vil bli sett fokus på å halde fristen på 3 månader. Men det er ikkje mogleg å klare dette i løpet av april.
 - Det må jobbast med å få talet på innmeldinger ned.

Drøfting/synspunkt i møtet:

- I fleire kommunar har enkeltvedtak til spesialundervisning eskalert.
- Tenesta må bli meir målretta
- Korleis legge tilrette for tilpassa opplæring ved å sette inn tidleg hjelp der det treng.
- Etterlyser eit meir moderne PPT. Enkeltvedtak binder opp store ressursar. Utviklingsarbeid bør vera ei målsetting.
- Kjersti Bollerud er tilsett som ny dagleg leiar, startar 8. mars 2022
- Thomas Nordahls rapport viser kritisk blikk på PPT og spesialundervisning som ikkje gir effekt. Rådet er å gjera skule og PPT meir operative.

Konklusjon:

Styreleiar i PPT Sverre ber PPT ved Gøril Kanstad og FFU ved leiar Ingunn Haugland lage ein fagdag der ein inviterar Thomas Nordahl halde innlegg.

Dokumentsenter

Rikke orienterte om dokumentsenter og at ho har fått oppgåva om å sjå på eit felles dokumentsenter (Post og arkivsenter).

Er det interesse for å samarbeide på dette området?

- Dersom dette er fornuftig, vil Nissedal og Fyresdal kunne vera med på dette.
- Auka kvalitet vil kunne vera mogleg
 - Auka fagkompetansen. Alle kommunane har per i dag ikkje formal kompetanse innan arkiv
- Økonomisk innsparing er uavklart
- Eit samarbeid krev mykje delegering og må ligge i same driftsmiljø
- Arkivnivået bør vera likt for å ha eit felles utgangspunkt.

Konklusjon

Alle rådmennene/kommunedirektørane tar saka vidare med sine arkivleiarar.

Blir sak på neste møte i RU.

STHF Utviklingsplan 2035

Nissedal og Fyresdal forholder seg til to utviklingsplanar; både Skien og Arendal.

Seljord er med i primærhelseteam. Godt nøgde med ordninga.

Det er ynskjeleg med eit møte med sjukehusleiinga (Det er i etterkant av RU-møtet avklara at adm.dir kjem på møtet 25. mars)

Når det gjeld uttale til utviklingsplanen skriv Kari Gro følgjande i ein epost 4. februar:

STHF Utviklingsplan 2035 <https://www.sthf.no/om-oss/utviklingsplan> er nå ute på høyring og er mellom anna sendt til alle kommunane i STHF sitt inntaksområde. Eg meiner at alle kommunane bør gå igjennom planen og koma med innspel med utgangspunkt i det som den einskilde kommune opplever som viktig i denne samanheng. Eg har møte med kommunalsjefane 24. februar og tenker å ha dette som sak i det møtet, for å dele synspunkt og tankar om planane og høyringar til denne, men eg tenker I utgangspunktet ikke at det blir utarbeid felles uttale frå kommunane. – Men eg kan jo koordinere og sende ei høyring på vegna av kommunane etter innspel frå kommunalsjefane, dersom det er ynskjeleg.

Utviklingsplanen blir også tatt opp på alle nivå i Helsefellesskapet, og Helsefellesskapet vil koma med innspel til planen.

Vurdering av samarbeid med kommuneoverlege i V-T sjå vedlegg møtereferat frå 29. november 2021

Une Marit presenterte saka.

- Utfordrande å vurdere eit slik samarbeid i ein pandemisituasjon.
- Dette må ein koma tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Null visjon-heim for ein 50- lapp, felles tiltak i Vest-Telemark (Jan)

Jan presenterte ei ordning Vinje kommune har sett i gang:

- Heimtransport for ein femtilapp. Rammer for ordninga: Ungdom 13-30 år. Kl. 18.00-06.00
 - Med bakgrunn i at ungdommen reiser over kommunegrenser, kan ein gjere noko saman mens ein venter på ein handlingsplan.
 - Vinje har utarbeidd ein digital plattform.
 - Det er ei førebyggande ordning.
 - Kan ikkje ha faste ruter, vil bli dyrare enn ei fleksibel ordning.

Konklusjon:

Handlingsplanen for vi har ingen fleire å miste blir lagt fram for rådet 22. mars 2022.

Administrasjonen i Vest-Telemarkrådet skal søkje å finne tilskott

DigiTV- status kommunanes deltaking

- Fyresdal, Nissedal og Seljord kommune trekk seg ut av kompetanseløftet, men blir med vidare i nettverksam arbeidet DigiTV
- Lunken tilslutning i Kviteseid kommune
- Presentasjon av organiseringa ved Jan
 - Alle 23 kommunane blir med vidare.

Konklusjon

Alle kommunane blir med vidare i hovudprosjektet 2021-2023

DigiTV søker prosjektskjønnsmidlar 2 mill 2022 og 2023. Anne sjekkar ut kor stor søknadsbeløpet blir for 2022.

Agresso – ERP kommune

Nytt driftskonsept frå TietoEvry

- Det er interesse for å kikke på det.

Konklusjon:

Økonomiforum bør bli invitert til eit møte i RU for å drøfte konseptet

Digitaliseringsarbeid

Koordinator for digitalisering og velferdsteknologi slutta i Vest-Telemarkrådet 1. februar 2022. Denne stillinga er fast og kan lysast ut utan politisk godkjenning i rådet. Det har og kome inn eit forslag frå Telefiber om at dei kan påta seg å utføre oppgåver innan digitalisering og velferdsteknologi. Dersom out-sourcing hadde vore aktuelt måtte denne tenesta uansett ha blitt lagt ut på anbod.

Konklusjon

Plan A er å lyse ut stillinga som Digitaliseringsleiar.

Plan B inngå samarbeid med ein tenesteleverandør. Dersom dette skulle bli vurdert, må det bli sak til rådet og ei anbodsrunde.

Desse utgjer tilsettingsutval: Jan, Une Marit og Anne

Prosjektskjønnsmidlar

Anne presenterte moglege prosjekt som kan vera aktuelle skjønnsmiddelprosjekt. Alle er knytt opp mot digitalisering. Søknadsfrist er 1. mars 2022.

Konklusjon

RU støtter søknaden til Vestfold og Telemark Velferdsteknologi om kommune 3.0.

Anne snakkar med Kari Gro om ho kan vera kontaktperson for dette prosjektet fram til digitaliseringsleiar er på plass.

Møtekalender for RU (Une Marit)

- Neste møte i RU 25. mars
- Lunsj til lunsjmøte i Kragerø i juni
- Det føreligg ei munnleg invitasjonen frå dagleg leiar i VTN Olav Moen om ei felles samling med VTNstyret på Lien 22-23 mars. Tilbakemelding frå RU er at Olav Moen må presentere eit program.

Eventuelt

- Innkallinger og referat frå fagfora blir ikkje formidla vidare inn i organisasjonane
 - o Vest-Telemarkrådet kan ta ansvar for å legge referat frå interkommunale samarbeidsfora som t. næringskollega, webfora sine referat på si bloggside
- Dei 2 reiselivsprosjekta «Merket for berekraftig reisemål» og «Felles reiselivsstrategi» er snart klare for oppstart. Vest-Telemarkrådet vil inngå samarbeidsavtale med Visit Telemark for begge prosjekta.
- Rikke stilte spørsmål kring ei krevjande vikarordning og rekruttering

- Særskilt behov i skule, barnehage og helse
 - Dag til dag-behovet – operative teneste er det mest prekære
 - Kan ein tenkje litt kreativt saman?
 - Behalde og rekruttere?
 - Innføring av startpakkeordning og lojalitetspakke
- Kampen om arbeidskrafta blir meir og meir krevjande.
- Løysinga blir ofte vikarbyrå

Konklusjon

Erling inviterer Preben Hjallum til eit møte i RU for å drøfte vikar- og rekrutteringsutfordringane med han.

Ref

Anne